



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Tom N. Pedersen, 5557 2119

Vår dato
01.10.2013
Dykkar dato
13.08.2013

Vår referanse
2012/16225 542.1
Dykkar referanse
07/2715

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Fylkesmannen si fråsegn for vurdering etter vassressurslova til søknad frå Erko Settefisk AS om produksjon av settefisk av laks og aure ved lokaliteten Sagvåg i Stord kommune

Fylkesmannen meiner at denne søknaden må sjåast i samanheng med teknologiutviklinga i havbruksnæringa. Vi ser det som rimeleg at settefiskanlegget på Sagvåg kan driftas i sin heilskap som eit resirkulasjonsanlegg og at oppdemming av Storavatnet difor ikkje er nødvendig.

Vi viser til brev frå Noregs vassdrags- og energidirektorat datert 13. august 2013 vedlagt søknad frå Erko Settefisk AS om løyve til uttak av vatn og regulering av Storavatnet i Stord kommune.

Erko Settefisk AS sender fornya søknad grunna bortfall av løyve etter manglande oppstart av byggearbeidet. Fylkesmannen har handsama søknaden tidlegare, jf. brev datert 23. mai 2007. Det vert søkt om uttak av inntil 330 l/sek og 100 l/sek som lågaste vassuttak. Det vert og søkt om oppdemming og regulering av Storavatnet mellom HRV 10,80 moh og LRV 10,30 moh. Det ligg og inne eit slepp av minstevassføring på 50 l/sek. Dette er dei sama tala som låg i søknaden frå 10. oktober 2006 og som Fylkesmannen hadde høyringsuttale på i brev av 23. mai 2007.

Fylkesmannen ser ingen grunn til å endre på fråsegna frå 2007 når det gjeld omsyn til biomangfold i vassdraget og tilråding om minstevassføring. Men vi har merknad til at søknaden ikkje er endra sidan 2006.

Fylkesmannen set krav i utsleppsløyva om at bedrifta pliktar å nytte BAT (Best Available Techniques) for å minimalisere påverknaden på natur og biomangfold. Søknaden frå Erko Settefisk er den same som vart levert i 2006. I mellomtida har det skjedd ei teknologiutvikling. Det finst i dag settefiskanlegg som baserer seg heilt på resirkulasjonsteknologi, noko som medfører at trongen vatn blir sterk redusert.

Oppdemming og regulering av eit vassdrag er i utgangspunktet uønskt, men blir tillate etter ei kostnad – nytte vurdering. Vi meiner denne vurderinga har endra seg som følge av teknologiutviklinga i næringa dei siste åra. I søknaden er trongen for å ha vassmengder for eit gjennomstrøymingsanlegg grunngjeve slik:

. . .Slik som anlegget nå er planlagt bygget, vil det driftes i all hovedsak med resirkuleringsteknologi, noe som gir et vesentlig lavere vannuttak enn omsøkt ramme. Søker ønsker imidlertid å beholde muligheten til å kunne benytte varierende grad av gjennomstrømming i anlegget, og opprettholder derfor rammene for den tidligere omsøkte vannmengden . . .

Erko Settefisk AS søker om løyve til drift av eit settefiskanlegg planlagt drifta som ei blanding av eit resirkuleringsanlegg og eit gjennomstrøymingsanlegg. Det går ikkje fram av søknaden kvifor dei ønskjer å drifta anlegget som eit gjennomstrømmingsanlegg. Søknaden har ikkje lagt seg på eksisterande BAT. Det finst anlegg i Hordaland som produserer 5 mill smolt basert berre på resirkuleringsteknologi. Dei har ei vasskjelde som er monaleg mindre enn Storavatnet og dei klarer drifta i dei mest tørkeutsette periodane utan trong for regulering av vatnet.

Storavatnet ligg i eit område med mykje busetnad og området blir nytta til friluftsliv. Busetnaden på Stord, som tel 19.000 innbyggjarar, er i hovudsak busette innafor eit radius på om lag 5 km frå Storavatnet. Fylkesmannen er kjend med at det er eit lokalt engasjement for å verne om friluftslivinteressene i området.

Fylkesmannen meiner at denne søknaden må sjåast i samanheng med teknologiutviklinga i havbruksnæringa. Vi ser det som rimeleg at settefiskanlegget på Sagvåg kan driftas i sin heilskap som eit resirkulasjonsanlegg og at oppdemming av Storavatnet difor ikkje er nødvendig.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.
miljøvernssjef

Tom N. Pedersen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Stord kommune Postboks 304 5402 Stord
Erko Settefisk AS